

Dagens ros frå matgruppa

18.05.2011

**Eg ynskjer å gje dagens ros til 17. mai-komiteen i Uskedalen.
Eg er imponert over arbeidet som blir lagt ned av dei ulike
komiteane for å gjere 17. mai til ein festdag for bygda**

Spesielt vil eg retta ei stor takk til dei som etter førespørsel frå komiteen, heiv seg rundt og stilte med dugnadsånd, for å bidra til å gjere dette til ein flott dag.

Her er det på sin plass og spesielt dra fram Bondelaget med leiar Olav Hjetland Bringedal. Grunna regn, og omrokkering av program, vart komiteen i vande for folk til rydding, og vekk-køyring av møblemang. Bondelaget stilte mannsterke på svært kort varsel.Kjempeflott innsats!

Ann Irene Sæle, matkomiteen.